

## Hjertelig velkommen te Hol – te nasjonalparkkommunen Hol!

E heite Sigrid Simensen Ilsøy, og e e so heldig å ha blitt vist den tillitt at e e valgt te varaordførar i Hol i inneværande kommunestyreperiode.

Hol kommune har 4500 innbyggjera fordeilt på 1854,63 km<sup>2</sup> – der 91% ligg over 900 moh. (12,4% tå arealet i Buskerud)

To nasjonalparka: Hardangervidda og Hallingskarvet, som me prøve å skape identitet rundt, nærheit te og kunnskap om (f.eks Skarveskula 6.kl. Prestholt, Finse – Haugastøl, stølsbesøk. Bruk tå fjellet, ressurser for å utvikle kommunen te det me har i dag)

(bilde frå Hein)

Detta e min bestefar. Han har børe mange kilo reinskjøt ut Halnetunga. Sammen med sin sambygding og kamerat Harald, brukte dei fjellet te matauk og fekk satt opp ei enkel hytte ved Stortjønn i Seltjønndalen der dei kunne halde te når dei nøysamt hausta tå naturen. Bestefar va stillfaren, kunnskapsrik, hendug og nøyaktig bonde og snekkar som viste kann unga høssen ein tidlegare måtte laga se det ein trengte, mot førr no, der så å si alt kan kjøpas. Oppvaskkosten laga tå fjellrabb, gryteskrubb tå trågåstølka eller karslegras, sendingskørji med tvega – røta samla på myrlendt jord.

Langfjella va lengje bærre eit begrep knytta te værmeldingje førr me, og det tok tid før e innsåg det va nærmare enn e trudde. Oppvekse i Dagali, ved foten tå Hardangervidda nasjonalpark, va min fyste tur på vidda i 1986 sammen med bestefar, bestemor og familien te området mellom Hein og Rauhellern. Børsa va lagt på hylla, og arven me fekk ta del i va ørretfiske og førvaltning tå fiskevatn. Sløye, vaske og salte fisk som og nitidig vart registrert med lengde og vekt. Og når me blei eldre; gleden og spenningje ved sjøl å få setta og ta opp gân, og dra fisken over ripa. Det va ikkje alltid artig å setta dei småmaska gâno og dra opp 100-150grams ørret morgon etter, men på ei tid va det det som sku te førr at me seinar skulle kunne hauste større fangst.

Dei færraste har fått oppleva detta. Og sjøl om roen ein fær på vidda der mobilsignala ikkje strekk te, e tå det aller beste førr nokon, e det nok ikkje detta som vil være måten ein utvikla bruk tå vidda i framtidet.

Denna hælje har Langfjellaseminaret tatt tittelen «Demokratisk naturforvaltning», me undertitlan

- Hø slags verdia har me?
- Høssen førrvalta me?
- Høssen vil me ha det i framtid?

Og seminaret sitt formål slik e førstår det e å sjå på høssen bruk tå Langfjella kan utviklas bærekraftig sett i lys tå mange tusen års historie. Det e ein kombinasjonen tå røta og vinga. Og først å få det te treng me fakta tå mange slag te å fatte beslutninga som vil ha gjenklang tå hvilke verdigrunnlag me har. Programme visa at me både ska få sjå bakover og framover, få fundere og bli gitt faktakunnskap først bedre å kunne sjå høssen me kan utvikle dessa fjellområda viare te glede først framtidige generasjona.

E vil få ynsje dikka lykke te med seminaret og håpe dikka fær eit flott opphold i Hol!